

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2018/1021**2020/EØS/82/08****av 18. juli 2018****om vedtaking av dei tekniske standardane og formata som er naudsynte for å gjennomføre automatisert matching gjennom den felles IT-plattform, ved bruk av den europeiske klassifiseringa og samverknaden mellom nasjonale system og den europeiske klassifiseringa(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2016/589 av 13. april 2016 om eit europeisk nettverk for arbeidsformidlingar (EURES), tilgang til mobilitetstenester for arbeidstakarar og ytterlegare integrasjon av arbeidsmarknadene, og om endring av forordning (EU) nr. 492/2011 og (EU) nr. 1296/2013⁽¹⁾, særleg artikkel 19 nr. 6, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved forordning (EU) 2016/589 vert det innført ei felles IT-plattform som gjer det mogleg å kople saman ledige stillingar med jobbsøknader og CV-ar (arbeidssøkjjarprofilar) i EU.
- 2) For at ledige stillingar skal kunne koplast saman med jobbsøknader og arbeidssøkjjarprofilar, må slike opplysningar utvekslast med eit einsarta system, slik det er definert i artikkel 17 i forordning (EU) 2016/589, på grunnlag av felles tekniske standardar og format.
- 3) For å sikre fleirspråkleg matching av høg kvalitet på den felles IT-plattform er det i artikkel 19 i forordning (EU) 2016/589 fastsett at det skal nyttast ei europeisk klassifisering av ferdigheiter, kompetansar og yrke.
- 4) Medlemsstatar som vel å ikkje nytte den europeiske klassifiseringa i dei nasjonale systema sine over ledige stillingar og arbeidssøkjjarprofilar som er knytte til éin samordna kanal, i samsvar med artikkel 18 i forordning (EU) 2016/589, må av samverknadsomsyn utføre ei konvertering mellom klassifiseringane som vert nytta i desse systema, og den europeiske klassifiseringa.
- 5) Det må opprettast register og tabellar som jamleg vert oppdaterte, for at ei konvertering mellom nasjonale, regionale og sektorvise klassifiseringar og den europeiske klassifiseringa skal vere mogleg.
- 6) Kommisjonen skal, for å lette opprettinga og oppdateringa av slike konverteringsregister og -tabellar og påfølgjande utveksling av opplysningar som byggjer på konverteringa, stille naudsynte tekniske standardar og format til rådvelde og tilby støtte gjennom høvelege tekniske program.
- 7) Ved å offentleggjere og dele dei nasjonale konverteringstabellane med andre medlemsstatar og Kommisjonen vil medlemsstatane medverke til å utvikle og betre den europeiske klassifiseringa og dei tenestene og verktøya som vert stilte til rådvelde av EURES, til dømes algoritmane før søkje- og matchingmotorar.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå EURES-utvalet.

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1***Mål og verkeområde**

I denne avgjerda er det fastsett kva tekniske standardar og format som er naudsynte for å gjennomføre automatisert matching gjennom den felles IT-plattform, ved bruk av den europeiske klassifiseringa og samverknaden mellom nasjonale system og den europeiske klassifiseringa.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 183 av 19.7.2018, s. 20, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 302/2019 av 13. desember 2019 om endring av EØS-avtalens vedlegg V (Fri bevegelighet for arbeidstakere) og protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 14 av 5.3.2020, s. 52.

⁽¹⁾ TEU L 107 av 22.4.2016, s. 1.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne avgjerda tyder

- a) «konverteringstabellar» maskinleselege jamføringstabellar som uttrykkjer korleis omgrep i éi klassifisering er knytte til eitt eller fleire omgrep i ei anna klassifisering. Konverteringstabellar vert nytta til automatisk kodekonvertering av opplysningar med sikte på automatisert matching gjennom den felles IT-plattform,
- b) «maskinleseleg» at opplysningar vert framstilte i eit format som kan handsamast av ei datamaskin,
- c) «kodekonvertering» prosessen med å konvertere opplysningar frå éi kodeform til ei anna,
- d) «syntaks» reglane og prosedyrane for strukturert framstilling av opplysningar,
- e) «ESCO-tenesteplattform» den allment tilgjengelege nettstaden der Kommisjonen legg fram den europeiske klassifiseringa av ferdigheiter, kompetansar, kvalifikasjonar og yrke⁽¹⁾.

Artikkel 3

Utarbeiding av konverteringstabellar

1. Medlemsstatar som nyttar nasjonale, regionale eller sektorvise klassifiseringar når dei registrerer opplysningar om yrke, ferdigheiter eller kompetansar i nasjonale system for ledige stillingar eller i arbeidssøkjjarprofilar som er knytte til éin samordna kanal, slik det er fastsett i artikkel 18 i forordning (EU) 2016/589, skal, for å gjere opplysningane tilgjengelege på EURES-portalen i samsvar med artikkel 17 nr. 1 i forordning (EU) 2016/589, utarbeide og nytte maskinleselege konverteringstabellar mellom kvar av desse nasjonale, regionale og sektorvise klassifiseringane og den europeiske klassifiseringa som er vedteken i medhald av artikkel 19 nr. 2 i forordning (EU) 2016/589.
2. Medlemsstatane skal utarbeide desse tabellane i samsvar med felles tekniske standardar og format som tillèt ei effektiv gjennomføring av automatisert matching gjennom den felles IT-plattform, slik det er nemnt i artikkel 19 nr. 6 i forordning (EU) 2016/589.
3. Dei tekniske standardane og formata som er nemnde i nr. 2, skal omfatte
 - a) dei opplysningane som skal inngå i konverteringstabellane,
 - b) ein syntaks som skal uttrykkje desse opplysningane.
4. Det europeiske samordningskontoret for EURES skal informere om og stille til rådvelde dei tekniske standardane og formata som er nemnde i nr. 2, på ekstranettet til EURES-portalen⁽²⁾.
5. I samsvar med artikkel 19 nr. 5 i forordning (EU) 2016/589 skal Europakommisjonen og Det europeiske samordningskontoret for EURES støtte medlemsstatane i konverteringsarbeidet. Dei skal særleg stille til rådvelde eit dataprogram som kan medverke til å støtte opprettinga og oppdateringa av register og konverteringstabellar.
6. Medlemsstatar som nyttar den europeiske klassifiseringa på nasjonalt plan, i samsvar med artikkel 19 nr. 4 i forordning (EU) 2016/589, treng ikkje å utarbeide konverteringstabellar slik det er gjort greie for i denne avgjerda.
7. I samsvar med framgangsmåtane i artikkel 6 kan Det europeiske samordningskontoret for EURES oppdatere dei tekniske standardane og formata.

Artikkel 4

Samverknad med den felles IT-plattform gjennom konverteringstabellar

Konverteringstabellane som er nemnde i artikkel 3, skal nyttast til automatisk kodekonvertering av opplysningar om ledige stillingar eller arbeidssøkjjarprofilar med sikte på automatisert matching gjennom den felles IT-plattform. Medlemsstatane skal syte for at kodane i dei nasjonale, regionale og sektorvise klassifiseringane deira for ledige stillingar og arbeidssøkjjarprofilar i medhald av artikkel 17 nr. 1 i forordning (EU) 2016/589, vert bytte ut eller utfylte med tilsvarande kodar i den europeiske klassifiseringa ved å nytte konverteringstabellane til kodekonvertering før opplysningane vert gjorde tilgjengelege på EURES-portalen.

⁽¹⁾ <http://ec.europa.eu/esco>

⁽²⁾ <http://eures.europa.eu>

*Artikkel 5***Offentleggjering av konverteringstabellar**

Medlemsstatane skal gjere konverteringstabellane sine tilgjengelege ved å offentliggjere dei på ESCO-tenesteplattforma ved bruk av dei standardane og formata som er fastsette i artikkel 3 nr. 2.

*Artikkel 6***Styring og oppdatering av dei tekniske standardane og formata**

1. Alle medlemsstatane skal peike ut eit enkelt kontaktpunkt som alle førespurnader, spørsmål og meldingar om bruken av denne avgjerda kan rettast til, og gjennom dei nasjonale EURES-samordningskontora sine gje Det europeiske samordningskontoret for EURES nærmare opplysningar om dette kontaktpunktet.
2. Ein gong i året skal samordningsgruppa for EURES, som er nemnd i artikkel 14 i forordning (EU) 2016/589, gjennomgå bruken av denne avgjerda.
3. Det europeiske samordningskontoret for EURES kan oppdatere dei tekniske standardane og formata som er nemnde i artikkel 3 nr. 2, dersom dette er naudsynt for å oppnå ei effektiv automatisert matching gjennom den felles IT-plattform.
4. Før ein ny versjon av dei tekniske standardane og formata kan vedtakast og gjerast tilgjengeleg på ekstrasnett til EURES-portalen, skal Det europeiske samordningskontoret for EURES formelt rådføre seg med samordningsgruppa for EURES.

*Artikkel 7***Ikraftsetjing**

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 18. juli 2018.

For Kommissjonen

Jean-Claude JUNCKER

President
